

NRK Handbok for distriktsprogramråda

2024 — 2027



– Ein viktig jobb for publikum og NRK!

Velkommen som medlem i eit av NRKs distriktsprogramråd!

Kringkastingsloven fastset at det skal vere eit folkevald råd for kvart distriktskontor. Rådet blir oppnemnt av fylkestinget for 4 år om gongen. Distriktsprogramrådet skal uttale seg om hovudlinjene i programverksemda til distriktskontoret og om dei programsakene som blir lagde fram av NRK. Rådet skal vere eit bindeledd mellom NRK og publikum.

Som medlem i distriktsprogramrådet har du ei viktig rolle som talsperson for eigarane og brukarane av NRK. Synspunkta dine om programtilbodet ved distriktskontoret og den andre verksemda er viktig for at NRK kan gje eit endå betre og meir relevant tilbod til folk i kvart distrikt. Denne handboka inneheld ei beskriving av verksemda i distriktsprogramrådet, eit oversyn over NRK-organisasjonen og ein presentasjon av viktige reglar og planar for NRK-verksemda.

Distriktsprogramråda gjer ein svært viktig jobb for publikum og NRK. Råda er det formelle kontaktpunktet mellom alle dei som brukar distriktstilbodet til NRK og det einskilde distriktskontoret. Dei 13 distriktskontora med tilhøyrande lokalkontor er ein viktig del av NRK-verksemda. Nærvær i heile landet er ein sentral del av oppdraget som Stortinget har gjeve NRK gjennom NRK-plakaten. Det redaksjonelle innhaldet som blir produsert rundt omkring i landet, er heilt avgjerande for at NRK skal nå det strategiske målet om å samle og engasjere alle som bur i Noreg.

Leiarar og medarbeidarar i NRK har løpande kontakt med lyttarar, sjåarar og lesarar, men det er distriktsprogramråda som representerer ein strukturert dialog mellom oss og publikum.

NRK skal vere ei open verksemd, og tilbakemeldingar og råd frå publikum er avgjerande for at vi skal utføre samfunnsoppdraget vårt best mogeleg. Skal rådet fungere godt, er det viktig at både leiaren for rådet og rådsmedlemmene tek initiativ til å diskutere saker. Det er også viktig at rådet løpande følgjer med på verksemda til distriktskontoret.

Den øvste leiinga i distriksdivisjonen held seg oppdatert om verksemda i rådet ved at vi har dialog med distriktsredaktørane og regionredaktør om dette fleire gonger i året – og både kringkastingssjefen og eg ønskjer å møte rådet i løpet av funksjonsperioden til rådet.

Lykke til med ein viktig jobb for publikum og NRK!

Marius Lillelien

Direktør Distriktsdivisjonen, NRK

Distrikts- programrådets mandat

NRK har frå 2024 13 distriktskontor. Difor er det 13 distriktsprogramråd. Nokre råd dekkjer eitt fylke, medan nokre råd dekkjer to fylke. For å utdjupe og presisere vedtektene i Kringkastingsloven er det laga egne retningslinjer for verksemda til distriktsprogramråda.

Mandatet til distriktsprogramråda finst i Kringkastingsloven:

§ 7-3. Distriktsprogramrådene

Distriktsprogramrådene skal uttale seg om hovedlinjene i programvirksomheten ved distriktskontorene og i de programsaker som kringkastingssjefen eller lederen for distriktskontoret forelegger eller som rådet finner grunn til å ta opp. Kringkastingssjefen og lederen for distriktskontoret kan innhente rådets uttalelse i administrative og økonomiske saker. Det skal være et distriktsprogramråd for hvert distriktskontor. Distriktsprogramrådet skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer oppnevnt av fylkestinget for fire år. Et medlem kan bare gjenoppnevnes for én periode. Kongen gir regler om oppnevning og sammensetning av distriktsprogramråd der et distriktskontor dekker flere fylker. Kongen kan gi nærmere regler om distriktsprogramrådenes oppgaver og arbeidsmåte.

Retningslinjer for oppnemning av distriktsprogramråd

Vedteke av NRK 25. juni 2008

1. Oppgåvene til distriktsprogramråda er fastsette i Kringkastingsloven § 7-3.
2. Dekkjer distriktsprogramrådet to fylke, skal det fylket som har størst folketal oppnemne tre medlemmer. Dekkjer distriktsprogramrådet fleire fylke, skal kvart fylke ha eitt medlem, andre medlemmer blir oppnemnte slik at fylket med størst folketal oppnemner første gjenstående medlem, fylket med nest størst folketal andre gjenstående medlem osv. Oppnemner eit fylkesting alle medlemmene

til distriktsprogramrådet, oppnemner det også leiaren. Dekkjer distriktsprogramrådet meir enn eitt fylke, vel rådet sjølv leiaren.

3. Leiaren kallar inn rådet til møte minst to gonger i året. Innkallinga med sakliste og dokument blir send til rådsmedlemmer seinast to veker før møtet.
4. Rådet kan ta opp saker utanfor saklista dersom det er fleirtal for det blant rådsmedlemmene.
5. Rådet er vedtaksført når minst tre medlemmer er til stades. Leiaren for distriktskontoret deltek i drøftingane i rådet.
6. Det blir ført referat frå møta. Alle saksdokument blir lagde ved referatet. Kopi av referata blir sende til rådsmedlemmer og varamedlemmer, distriktsredaktøren, kringkastingssjefen og direktøren for distriktskontora.

Fire år med viktige og spennande tema

Distriktsprogramrådet er valt for fire år. Valperioden følgjer valperioden til fylkestinget. Ifølgje retningslinjene skal rådet ha minst to møte kvart år.

Rådet skal behandle ulike typar programspørsmål. Det kan ein gjere på ulike måtar. Her er nokre døme:

- Viktige programsatsingar eller programendringar som distriktskontoret gjennomfører.
- innkomne reaksjonar (ros eller klager) frå publikum.
- Tematiske diskusjonar (t.d. nyheitstilbodet frå regionen på NRK.no, det regionale tilbodet på radio i NRK P1 eller distriktsfjernsynet i NRK1).
- Evaluering av enkeltprogram (som blir avspilte på møta og så evaluerte).
- Gjennomgang av klagesaker som har vore behandla i Pressens faglige utvalg (PFU).

Nedanfor er eit forslag til ulike tema som kan behandlast i løpet av valperioden. Det er opp til det enkelte råd kva tema rådet ønskjer å prioritere:

Våren 2024

1. Konstituering av rådet.
2. Orientering om rådets verksemd og arbeidsform. Presentasjon av distriktskontoret.

3. Møte med NRKs regionale eller øvste leiing.
4. Programevaluering: Leveransar frå distriktskontoret til NRK.no

Hausten 2024

1. Tema: Mangfald i Noreg. Korleis speglar distriktskontoret mangfald i samfunnet?
2. Innhaldsevaluering: Tilbodet frå distriktskontoret på NRK.no.
3. Programevaluering: Rådet diskuterer enkeltsaker, sendingar eller programverksemda generelt.

Våren 2025

1. Tema: Språk. Gjennomgang av NRKs språkreglar og praktiseringa av desse.
2. Programevaluering: Det regionale fjernsynstilbodet frå distriktskontoret i NRK1
3. Programevaluering: Distriktskontorets planar for dekkinga av stortingsvalet

Hausten 2025

1. Tema: Dekkinga av stortingsvalet
2. Programevaluering: Undersøkjande journalistikk i regionen
3. Programevaluering: Rådet diskuterer enkeltsaker, sendingar eller programverksemda generelt

Våren 2026

1. Tema: Nasjonale leveransar frå distriktskontoret og samarbeid innan nyheiter

2. Programevaluering: Distriktskontorets radiotilbod i NRK P1
3. Programevaluering: Publikumsdialog.

Hausten 2026

1. Tema: Nasjonale leveransar frå distriktskontoret til NRK P1/P2, NRK1, NRK Radio og NRKTV
2. Programevaluering: Rådet diskuterer enkeltsaker, sendingar eller programverksemda generelt.

Våren 2027

1. Tema: Den regionale dekkinga av kommune- og fylkestingsvalet 2027 – planar for dekkinga.
2. Programevaluering: Rådet diskuterer enkeltsaker, sendingar eller programverksemda generelt.

Hausten 2027

1. Tema: Erfaringar og råd frå distriktsprogramrådet til NRK. (Nokon frå NRK-leiinga regionalt eller sentralt deltek på dette møtet.)
2. Programevaluering med vekt på distriktskontorets dekking av lokalvalet.

NRK-plakaten

NRK-plakaten blei innført i 2007 og er seinare revidert fleire gonger, seinast av NRKs generalforsamling, som er Kulturdepartementet, i januar 2023.

Plakaten eller måldokumentet definerer krav og forventningar frå Stortinget til NRK og set dimed rammene for verksemda. Det er Medietilsynet som kvart år vurderer om NRK innfrir krava som er definerte i Kringkastingsloven, vedtektene og NRK-plakaten. Dei fullstendige vedtektene kan du finne på www.nrk.no/info.

I NRK-vedtektene finn ein NRK-plakaten som del II:

§ 12 NRK skal ha som formål å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet.

§ 13 NRK skal ivareta ytringsfrihet og ytringsvilkår for borgerne. NRK skal være redaksjonelt uavhengig og være balansert over tid. NRK skal bidra til å fremme den offentlige samtalen og medvirke til at hele befolkningen får tilstrekkelig informasjon til å kunne være aktivt med i demokratiske prosesser.

§ 14 NRK skal ha et selvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfoldet (regionalt og nasjonalt).

§ 15 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være tilgjengelig for hele befolkningen. NRK skal ta hensyn til funksjonshemmede ved utformingen av sitt tilbud.

§ 16 NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. En stor andel av tilbudet skal ha forankring i og speile det kulturelle mangfoldet i Norge. NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkningen. NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter samt innhold for tegnspråklige. NRK skal formidle innhold fra Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk.

§ 17 NRK skal formidle norsk kultur og en bred variasjon av kunstuttrykk fra mange ulike kunstnere, uavhengige miljøer og kulturinstitusjoner i Norge. NRK skal formidle norsk musikk, film og drama og stimulere norske produksjonsmiljøer.

§ 18 NRKs tilbud skal gjenspeile Norges religiøse arv og mangfold av livssyn og religion i det norske samfunnet.

§ 19 NRKs tilbud skal i hovedsak ha innhold på norsk. Minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk. NRK skal også tilby innhold på samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og tegnspråk.

§ 20 NRK skal reflektere det geografiske mangfoldet i Norge og ha et godt lokalt tilbud. NRK skal være til stede i alle fylker.

§ 21 NRKs tilbud skal i hovedsak være av redaksjonell karakter. NRK skal etterstrebe høy kvalitet, mangfold og nyskaping. NRKs tilbud skal ha tematisk og sjangermessig bredde. NRKs tilbud skal appellere til alle aldersgrupper.

§ 22 NRK skal fremme barns rett til ytringsfrihet og informasjon, og skjerme barn mot skadelige former for innhold. NRK skal ha norskspråklige programmer for barn under 12 år, jevnlig norskspråklige programmer for unge, og jevnlig programmer for barn og unge på de samiske språkene.

§ 23 NRK har et særlig beredskapsansvar. NRK skal legge til rette for at styremaktene når ut til befolkningen med informasjon ved nasjonale kriser. NRK skal i slike situasjoner også tilstrebe å opprettholde en omfattende nyhetsdekning og et bredt allmennkringkastingstilbud som dekker befolkningens behov for oppdatert informasjon.

§ 24 NRK skal være til stede på, og utvikle tjenester på, alle viktige medieplattformer, herunder internett, for å nå bredest mulig ut med sitt samlede programtilbud.

§ 25 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være reklamefritt og skal ikke inneholde spesielle salgsfremmende henvisninger til konsernets kommersielle tjenester og produkter.

§ 26 NRK skal ha et særlig ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner.

I tillegg kan ein nemne at NRK har eit særskilt distriktsoppdrag, som det er meir utførlege paragrafar for i del III av vedtektene.

§ 33 NRK plikter å tilby innhold som er produsert i og tar utgangspunkt i distriktene. NRK skal ha distriktssendinger alle hverdager.



NRK- strategien

Ambisjonane til NRK for innhald og organisasjon er uttrykt i strategidokumentet, som gjev overordna retning for alle avdelingar.



Slik er NRK organisert



NRK i heile landet


NRKs distriktsdivisjon og NRK Sápmi

● Nord ● Midt ● Vest ● Sørøst

● Sendested/distriktskontor

● Redaksjon

● Lokalkontor



Oppdraget til distriktskontora

Distriktsprogramrådet skal uttale seg om hovudlinene i programverksemda ved distriktskontoret. Som rådsmedlem bør du difor følgje med på kva distriktskontoret produserer og publiserer.

Her er eit oversyn over noko av det distriktskontoret tilbyr deg:

Heile døgnet: Nyheiter og anna redaksjonelt innhald til nett og mobil.

Kl 6.00–9.00: NRK P1: Morgonsending.

Kl 14.00–17.00: NRK P1: Ettermiddagssending.

Kl 19.00–19.45: NRK1: Dagsrevyen, med nyheitsinnslag og direkterapportar.

Kl 19.45–20.00: NRK1: Distriktsfjernsyn med reportasjar, direkterapportar og gjester.

Kl 20.40–21.00: NRK1: Noreg i dag med reportasjar frå heile landet.

Kl 22.55–23.00: NRK1: Distriktsfjernsyn med reportasjar og direkterapportar.

Nyheitsoppdraget

Nyheitsoppdraget betyr at distriktskontora dekkjer, følgjer og belyser dei viktigaste lokale og regionale nyheitene. I dette ligg hendingsnyheiter, planlagte hendingar og undersøkende journalistikk. Å gje publikum eit oppdatert nyheitsbilete på digitale plattformer er prioritert i NRK. Nyheitsoppdraget for distriktskontora er todelt: frå regionen til eit nasjonalt publikum og frå regionen til befolkninga i regionen. Nyheiter fra distriktskontora har fått ein avsett plass på forsida til nrk.no. Ved innlogging kan publikum velje å følgje sitt eige distrikt, eit nyheitstilbod som blir redigert direkte av kontora sjølve. Distriktskontora har eit spesielt ansvar for å dekkje nyheitsområde som ikkje blir overvåka av andre mediehus. Bortsett frå det digitale regionale nyheitsoppdraget, skal alt innhald som som blir publisert i utgangspunktet ha potensial til at det kan løftast til eit nasjonalt publikum i det riksdekkjande nyheits- og aktualitetstilbodet på alle plattformer i NRK.

Nasjonal produksjon

Distriktskontora leverer innhald til det nasjonale NRK-tilbodet på radio, nett, TV og mobile plattformer, med eit spesielt ansvar for livssyn, vitskap, klima og historier frå norsk kvardagsliv. Avdelingane i divisjonen leverer fordjupande journalistikk og dokumentarar og innhald for born. Divisjonen lagar også dei fleste av dei riksdekkjande programma i NRK P1 og P1+, og podkastar til NRK Radio.

I Bergen, Trondheim og Tromsø har NRK store miljø med ein betydeleg produksjon av seriar og program for eit nasjonalt publikum. Frå Tromsø sender ein kvar laurdag og søndag aktualitetsmagasinet «Helgemorgen» i NRKP2 og på NRK1. Kontoret har òg eit etablert miljø for produksjon av innhald for born, og røyndomsnære seriar frå kvardagsliv i landsdelen. I Trondheim lagar dei store delar av innhaldet til radiokanalane NRK P1 og NRK P1+, og fleire podkastseriar. Dei har òg eit etablert miljø for produksjon av innhald for born og unge på ulike medieplattformer. Miljøet i Trondheim har større TV-produksjonar kvart år, den mest kjente dei siste åra er «Norges tøffeste». Avdelinga i Bergen har i ei årrekkje hatt ansvar for det folkekjære programmet «Norge Rundt» og nyheitsmagasinet «Norge i dag». Også her produserer ein nasjonale program for radio og TV innan fleire sjangrar. Miljøet har hatt prosjektansvar for fleire satsingar som skal samle heile landet, frå TV-aksjonen sist haust til sommarsatsingane med direktesendingar frå både tog, skip, bil og sykkel.

Undersøkjande journalistikk i heile landet

NRK har gjennom fleire år utvikla solide miljø innan undersøkjande journalistikk over heile landet. Journalistane samarbeider med tilsvarande miljø ved hovudkontoret på Marienlyst og med Senter for undersøkende journalistikk ved Universitetet i Bergen. Satsinga har ført til ei rekkje prislønte avsløringar av kritikkverdige forhold både i det offentlege og det private.

Samarbeid med andre

Fleirtalet av distriktskontora har eit breitt spekter av redaksjonelt samarbeid med regionale og lokale mediehus og andre eksterne aktørar. Det finst meir enn 150 mediebedrifter i Noreg. NRK er den desidert største og den einaste med føreseieleg økonomi. I samarbeid med lokale mediehus kan NRK løfte fram hendingar som kan nå fram til eit større publikum.



NRKs redaksjonelle etikkreglar

NRK følgjer dei etiske normene for pressa uttrykt i Ver varsam-plakaten. Dei blei vedtekne av Norsk Presseforbund (NP) første gong i 1936 og seinare revidert ei rekkje gonger.

Det er ikkje i rådets mandat å vurdere presseetikk i einskildsaker. Det er Pressens faglige utvalg (PFU) som er klageorgan og som behandlar klager mot media i presseetiske spørsmål. Dei presseetiske retningslinene og informasjon om klagebehandling finn ein på www.presse.no.



NRK og språk

Som allmennkringkastar har NRK eit viktig språkoppdrag. Frå og med revideringa av NRK-plakaten i januar 2023 blei språkoppdraget til NRK større mot det var tidlegare, noko NRK også har anerkjent i eigen strategi, der det no står at «NRK skal løfte og berike norsk og samisk språk og kultur». NRK skal styrkje dei norske og dei samiske språka, vi skal ha program og innhald for både nasjonale språk og språklege minoritetar og for teiknspråklege. Tilbodet vårt skal i hovudsak ha innhald på norsk, og minst 25 prosent av innhaldet vårt skal vere på nynorsk.

Språkoppdraget til NRK er med på å gjere innhaldet til NRK meir mangfaldig og på å spegle heile landet. Språkoppdraget er også eit av fire satsingsområde i mangfaldsarbeidet i NRK. I tillegg til ein eigen språksjef som har ansvaret for alt overordna språkarbeid i NRK, har NRK også ein eigen språkkonsulent. NRK har eigne, overordna språkreglar, retningslinjer for bruk av dialekt, og «språkkontaktar», som er ein kollega som har teke på seg eit ekstra ansvar for språk i sitt område, i alle redaksjonelle avdelingar.

1. Reglar

- 1.1 I nyheitssendingar og programinformasjon skal programleiarar og annonsørar bruke offisielt bokmål eller nynorsk. Redaktørane kan gjere unntak dersom det ikkje er i strid med reglane og retningslinjene nedanfor.
- 1.2 I andre sendingar og i nyheitsinnslag (reportasjar, rapportar, kommentarar, intervju osv.) kan det brukast dialekt, også i riksdekkjande sendingar, dersom det ikkje er i strid med reglane og retningslinjene nedanfor.
- 1.3 I distriktssendingane bør lokale talemål få godt rom.
- 1.4 Person- og stadnamn, tal og teikn skal skrivast og uttalast i samsvar med reglar og råd som er godkjende av Språkrådet.
- 1.5 NRK skal følgje reglane for offisiell rettskriving. Redaktørane kan gjere unntak dersom dette er tenleg av omsyn til særlege sjangerkrav.

2. Retningslinjer

- 2.1 Språket skal vere tydeleg med naturleg trykklegging og munnleg setningsbygning.
- 2.2 Medarbeidarane bør vere konsekvente i bruken av ord- og bøyingsformer innanfor det enkelte innslag eller program.
- 2.3 Det bør ikkje brukast ord eller uttrykk som er lite kjende eller uforståelege for målgruppa.
- 2.4 Norske ord og uttrykk skal veljast i størst mogeleg grad.
- 2.5 NRK skal spegle mangfaldet i det norske språket, også når det gjeld dialektbruk og uttale som er farga av andre språk.

3. Råd

Godt språk = funksjonelt språk. Språket kan vere emosjonelt, sakleg, usakleg, provoserande, forsonande, korrekt, tøysete osv., men formålet med språkbruken bør alltid vere klår.

Ver særleg merksam på verkemiddel som:

- 3.1 tempo (kor fort ein snakkar, pausar og pust),
- 3.2 frasering,
- 3.3 setningsmelodi, klang og høgde,
- 3.4 ordval og språkbilete,
- 3.5 struktur og komposisjon,
- 3.6 kroppsspråk og energi,
- 3.7 stil og tone,
- 3.8 personleg og naturleg språk.

Verkemidla skal vere med på å få språkbruken i NRK klår, kritisk og kreativ.

4. Ansvar

Redaktørane har ansvar for at språket i NRK er i samsvar med desse reglane.

Vedteke på direktørmøtet 19. juni 2007.

NRK og mangfald

NRK har ein ambisjon om å spegle befolkninga i innhald og i organisasjon, samle og engasjere alle som bur i Noreg, og vere den beste formidlaren av norsk verkelegheit. Den norske verkelegheita er mangfaldig.

Med mangfald meiner NRK

Alder, kjønn, funksjonsgrad, språk, dialekt, livssyn, utsjånad, kjønnsidentitet, seksuell orientering, utdanning, erfaring, kompetanse, interesser, familiesituasjon, geografisk, sosial, etnisk og/eller kulturell bakgrunn.

Prioriterte grupper

Alt mangfald er viktig, men det er fire grupper som skal prioriterast dei næraste åra, ikkje fordi vi må eller bør, men fordi det vil gje NRK nye perspektiv, historier, produkt og tenester.

- Fleirkulturelle
- Funksjonshemmingar
- LHBT+
- Språk

NRKs rammeverk for mangfaldsarbeidet

For å få større fart og felles retning på arbeidet, har NRK utarbeidd eit rammeverk for arbeidet med mangfald. Visjonen er: «Saman skapar vi eit Noreg der alle høyrer til.» Prioriterte mål er å bruke krafta i mangfaldet i alt vi gjer, at mangfald er synleg og sjølvstøtt i innhald frå NRK, at NRK skal vere tilgjengeleg for alle både fysisk og digitalt, og at alle kan vere seg sjølve og oppleve tilhøyr i NRK.



